



Rusmiddelpolitisk
handlingsplan
2024 - 2028

Innhald

Innleiing.....	4
Føremål.....	4
Alkoholpolitisk handlingsplan - implementert i rusmiddelpolitisk handlingsplan	5
Arbeidet med revidering av planen.....	6
Ulike interesser og skjeringspunkt	7
Omtale og vurdering av rusmiddelsituasjonen	8
Nasjonale føringar	8
Ein heilskapleg alkoholpolitikk	9
Nytt frå Helsedirektoratet	9
Rusmiddelsituasjonen i kommunen	10
Ansvarleg alkoholhandtering - arbeidet med sal- og skjenkeløyve.....	15
Sal- og skjenkeløyve i Sogndal kommune.....	15
Samandrag rusmiddelsituasjonen Sogndal kommune	16
Rusmiddelpolitiske mål, strategiar og tiltak.....	17
Alkoholpolitiske retningslinjer Sogndal kommune	19
Delegering	19
Løyveperiode	19
Naudsynt dokumentasjon ved søknad om løyve	19
Styrrar og stadfortredar.....	19
Uttale frå politi, sosialtenesta, skatte- og avgiftsmyndigheita	20
Kommunen sitt skjønn.....	20
Vilkår.....	20
Forholdet til andre regelverk.....	20
SALSLØYVE.....	21
Utvida salsløyve - Sal av alkoholhaldig drikk tilverka i eiga verksemd, jf. alkohollova § 3-1b.	21
Innførsel.....	21
Tilverking for sal i eiga verksemd	21
Nettsal/ nettbutikkar	22
Ingen løyve til ubetjent butikk.....	23
Sal og skjenking - ikkje i same lokale	23
SALSTIDER.....	23
SKJENKELØYVE.....	24
Utvida skjenkeløyve, jf. alkohollova 4-2, tredje ledd – innførsel og tilverking	26
Innførsel for skjenking i eiga verksemd.....	26

Tilverking for skjenking i eiga verksemd.....	26
SKJENKETIDER.....	28
Gebyr	28
Gebyr for kunnskapsprøve	28
Omsetnadsgebyr	28
Fristar omsetnadsoppgåve og omsetnadsgebyr:	29
Gebyr ved enkelthøve	29
Kontroll av skjenke – og salsstader	29
Oversikt over arrangement/ opningstider for gjennomføring av kontroll.....	30
Internkontroll og kurs/ opplæring.....	30
Inndraging av sals- og skjenkeløyve - prikktildelingssystemet	30
Omsetnadstal alkohol.....	31

Utkkast

Innleiing

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Sogndal kommune var for perioden 2021-2024 samanfatta av ruspolitisk handlingsplan frå dei tre planane frå dei tidlegare kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal, med oppdatert status frå aktuelle tenesteområde, brukargrupper, nasjonale føringar samt tal frå sal- og skjenkestader, statistikk og undersøkingar.

For arbeidet med revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2024-2028 har Sogndal kommune sett ned ei arbeidsgruppe der deltakarane er plukka ut av kommunalsjefane på tvers av dei kommunale sektorane saman med ein representant frå næringa. Arbeidsgruppa har fått mandat frå utval for levekår. I samsvar med samfunnsplanen i Sogndal kommune, har me i Sogndal tru på at dei beste tankane og idéane kjem fram om mange får vere med og seie meininga si.

Det har i arbeidet med revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan vore brei involvering og medverking. Deltakarane arbeidsgruppa representerer ulike sektorar i kommunen, og det har vore invitert til dialogmøte med andre samarbeidspartar både i og utanfor organisasjonen, samt orientering til utval for levekår undervegs i prosessen.

Omsynet til innbyggjarane si helse skal ivaretakast i kommunen si planlegging. Dette følgjer av folkehelselova og plan- og bygningslova, der det går fram at planar skal "fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar"

- redusere tilfeldigheit - føreseieleg
- avklare eventuelle motsetningar og konflikstar på ulike område
- bringe saman ulike aktørar, omtalar og måtar å forstå – felles forståing
- vurdere utfordringar på ulike område og ressursinnsats
- systematisk evaluere og vidareutvikle det politiske og faglege arbeidet

Arbeidsgruppa set stor pris på og takkar alle som har delteke i arbeidet.

Føremål

Føremålet med ruspolitisk handlingsplan er at den skal vere eit styringsdokument for kommunen i dei kommande åra i arbeidet med å førebyggje rusrelaterte helsemessige - og sosiale problem.

Samanheng mellom planar

Alkohollova er ei folkehelselov, og ei rekke andre lover pålegg også kommunen å løyse oppgåver på "rusmiddelfeltet". Ut frå lovene sine intensjonar og kommunen sine eigne behov, bør kommunen føre ein heilskapleg politikk ved å sjå løyveordningar, folkehelse og anna førebygging i samanheng med arbeidet på rehabiliteringsområdet. Det er fleire planar som omhandlar folkehelse- og rusrelaterte område i kommunen: samfunnsplanen som viser mål og retning, folkehelseplan/ folkehelseoversikt, helse- og omsorgsplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan, m.m.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein kommunal temaplan som har som føremål å samordne kommunen sin rusmiddelpolitikk og satsing. Planen er eit bindeledd

mellom kommuneplanen sin samfunnsdel - som viser mål og retning, og økonomiplanen. Dei rusmiddelførebyggande satsingane i planen vil kunne inngå i kommunen si folkehelseplanlegging. I strategisk plan for helse- og omsorg i Sogndal kommune er tidleg innsats og førebygging sentralt.

Alkoholpolitisk handlingsplan - implementert i rusmiddelpolitisk handlingsplan

- Kommunen er lovpålagt å utarbeide ein kommunal alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d
- Alkohollova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Innanfor desse rammene er kommunane tillagt eit betydeleg ansvar men og ein stor fridom i å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk.
- Alkoholpolitiske retningslinjer bør inngå i rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Det er tilrådd at kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan vert utarbeidd som del av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.
- Planen skal handsamast i kvar kommunestyreperiode.

Innhaldet i planen

Det er opp til den enkelte kommune kva planen skal innehalde, men alkoholpolitisk handlingsplan bør konkretisere kva for tiltak kommunen vil satse på for å nå den landsomfattande målsettinga om å redusere alkoholforbruket.

- dei alkoholpolitiske hovudmåla og
- delmål kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk, samt
- verkemiddel som kommunen vil ta i bruk for å nå desse måla.

Planen skal òg spegle verkelegheita i eigen kommune og vere ein realistisk og relevant plan.

Målet:

- Ha ein heilskapleg politikk ved å sjå løyveordningar og anna førebygging og folkehelsearbeid i samanheng med arbeidet på rehabiliteringsområdet.
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal vere eit fleirsektorielt verktøy som ivareteke ein slik heilskap.
- Helsedirektoratet har utgitt ein rettleiar for ruspolitisk handlingsplan, og den seier at det rusførebyggande arbeidet i kommunane er av avgjerande betyding for å nå nasjonale mål om reduksjon av sosiale og helsemessige skadar ved rusmiddelbruk. Mangelfulle eller dårleg målretta førebyggingstiltak fører til auka behov for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar. Planen skal vere eit reiskap der ulike interesser vert synlege.
- Løyvesystemet for sal- og skjenking av alkoholhaldig drikke er eit av dei viktigaste verkemidla for å avgrense alkoholrelaterte skadar. Kommunen sine lokale retningslinjer for regulering av sals- og skjenkeløyve er såleis ein vesentleg del av planen.
- Kommunane har ansvar for å utforme ein lokalt tilpassa alkoholpolitikk, særleg gjennom handsaming av løyvesøknader, rettleiing av sals- og

skjenkebransjane, fastsetting av sals- og skjenketider, kontrollar og sanksjonar.

- Planen bør handsamast i kvar kommunestyreperiode. Det er ikkje utarbeid nærmare forskrifter til bestemminga.

Arbeidet med revidering av planen

Arbeidsgruppa har gjennomført dialogmøte med samarbeidspartar i og utanfor kommunen inkludert løyvehavar for sal- og skjenking. Desse kom med uttalar til planarbeidet ut frå sine ståstadar med merksemd på

- dagens rusmiddelsituasjon
- behov/ utfordringar
- kor vil vi/ kor vil vi ikkje

Det var stort engasjement i desse møta, og møtedeltakarane ga uttrykk for at dei ynskjer å medverke vidare i arbeidet, særleg med tanke på førebygging og folkehelse. Det var forslag om vidare samarbeid utover i planarbeidet. Konklusjonen etter møtet med samarbeidspartar i og utanfor kommunen var:

«Haldningsskapande arbeid over tid i alle ledd – stå saman på tvers!»

Etter at arbeidet med rusmiddelpolitisk handlingsplan starta opp, har det vore val av medlemmar til medverkingsråda. Desse har fått orientering om planarbeidet og høve til å komme med innspel til planen.

Arbeidsgruppa har drøfta alkoholpolitiske retningslinjer. Retningslinjene er ein del av strategien for å sikre alkohollova sitt føremål om å sikre at skadeverknadane av alkoholbruk blir så små som mogleg gjennom å avgrense tilgjengelegheita og at omsetnadsformene er trygge.

På siste møtet i arbeidsgruppa sette gruppa merksemd på korleis vi skal få planen til å verte eit aktivt styringsdokument. Ruspolitikk er eit tema som bør ha varig politisk merksemd, og takast med i førebyggjande og folkehelsearbeid så vel som innanfor rehabiliteringsfeltet. Det var særleg positivt at dei som var inviterte til å medverke i planarbeidet, også tydeleg gav uttrykk for ynskje om vidare samarbeid.

Vegen vidare

Forankring og implementering av planen etter politisk handsaming er viktig for å kunne lukkast med måla i planen. Tiltak som kan bidra til vidare forankring er:

- avklaring av kven som skal sikre framdrifta i forhold til tiltak og strategiar
- fagmøte med dei ulike avdelingane i kommunen om framdrift i rusmiddelpolitisk handlingsplan
- fagmøte og dialog med samarbeidspartnarar om planen - innhald og framdrift
- orientering til politiske utval og medverkingsråda samt rapportering til kommunestyret

Arbeidsgruppa har følgd opp samfunnsplanen for Sogndal kommune som seier at «i Sogndal har me tru på at dei beste tankane og idéane kjem fram om mange får vere med og seie meininga si». Det har vore ei brei og positiv medverking til arbeidet.

Verdiane våre Samskapande, Open, God, og Nysgjerrig (SOGN) skal prege det vidare arbeidet, og dei skal ligge til grunn for vala og satsingane som skal gjennomførast.

Lokale føringar

Det overordna målet er å styrka kommunen si evne og kapasitet til å meistre og tilpasse seg samfunnsutviklinga. Dette skal me nå gjennom målretta innsats og vidare utvikling av kommunen sine tenester. Samfunnsplanen og økonomiplan inngår i dei kommunale styringsdokumenta. Samfunnsplanen er eit verktøy i den heilskaplege planlegginga i kommunen som skal brukast til å gje retning for kommunen i åra som kjem. Planen skildrar utfordringar og set langsiktige mål og strategiar.

Satsingsområda i samfunnsplanen er:

- Best på oppvekst
- Skapt for aktiv livsstil
- Kompetansemiljø i eliteserien
- Fruktbare tettstader
- Utviklingslokomotiv i Sogn

Sogndal kommune - Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

Visjonen til kommunen handlar om livskvalitet og utviklingskraft. Me ynskjer at innbyggjarane skal kunne leve det gode liv i kommunen vår fordi me vil vere ein kommune som skapar vår eiga utvikling, og har innbyggjarar som finn rom for å nytte si eiga skaparkraft.

Ulike interesser og skjeringspunkt

Landsomfattande målsettinga om å redusere alkoholforbruket - Hovudsatsing

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal tydeleggjer kva kommunen vil satse på for å nå den landsomfattande målsettinga om å redusere alkoholforbruket. Noko av utfordringa for kommunen i dette arbeidet, er at alkohollovgjevinga er i skjeringspunktet mellom ulike omsyn. Det oppstår fort ei spenning mellom behovet for å regulere tilgangen på alkohol og næringsinteresser. Helsedirektoratet påpeikar at det rusførebyggande arbeidet i kommunane er av avgjerande betydning for å nå nasjonale mål om reduksjon av sosiale og helsemessige skader ved rusmiddelbruk. Ein realistisk rusmiddelpolitisk handlingsplan vil i stor grad verte eit kompromiss mellom desse ulike interessene.

Arbeidet med rusmiddelpolitisk handlingsplan har avdekka at Sogndal kommune sitt hovudsatsingsområde bør vere på førebyggande arbeid for barn og unge.

Kommunen må leggja til grunn alkohollova sitt føremål om å avgrensa skader som skuldast alkoholbruk, og nasjonale og WHO sitt mål om redusera forbruket av alkohol. Dette bør implementerast på ein slik måte at kommunen likevel ivareteke kryssande interesser.

Omtale og vurdering av rusmiddelsituasjonen

Fakta frå Folkehelseinstituttet (FHI)

Mange brukar rusmiddel utan at dette er problematisk, men heller assosiert med glede og nyting. Likevel er rusmiddelbruk eit folkehelseproblem. Bruk av rusmiddel kan for mange vere uproblematisk, men nokre får problem, og bruk av rusmiddel og særleg bruken av alkohol, utgjer eit betydeleg folkehelseproblem. Rusmiddel omfattar alkohol, vanedannande legemiddel og illegale rusmiddel (narkotika).

Rusmiddellidingar har ofte også andre psykiske og kroppslege sjukdommar. Det har vore ein tendens til å sjå meir alvorleg på bruk av illegale rusmiddel enn alkohol, men medisinsk sett er eit slikt skilje ikkje meiningsfullt, og uavhengig av legal status, er nokre rusmiddel meir skadelege enn andre. Alkoholbrukslidingar er dei hyppigaste rusmiddellidingane i Noreg, og medfører størst helseskade og tidleg død. Men rusmiddellidingar som skuldast vanedannande legemiddel og narkotika, bidreg også til sjukdom og tapte leveår i befolkninga. Sjølv om alkohol er ei lovleg vare, så er det grunn til å minne om at det langt i frå er ei ordinær vare. Alkohol medverkar til både individuell skade og samfunnsmessig skade.

- Alkoholbrukslidingar er dei hyppigaste rusmiddellidingane i Noreg.
- 12-månadersforekomst av skadeleg bruk eller avhengigheit av alkohol for vaksne er 5-8 prosent. Dette utgjer om lag 175.000-350.000 personar. Årleg døyr rundt 300 for tidleg av direkte alkoholeksponering. Alkohol er mellom dei viktigaste risikofaktorane for å døy før fylte 70 år.
- Det er ein stor underbehandling av rusmiddellidingar i Noreg.

Omgrep

Tidlegare brukte ein ofte omgrepet «misbruk» av rusmiddel, men fordi det kan verke stigmatiserande, brukar ein i dag «skadeleg bruk». På engelsk kallast skadeleg bruk og avhengigheit for «drug use disorders», som oversett vert «rusmiddelbrukslidingar». Dette er for tungvint på norsk, slik at ein som regel seier rusmiddellidingar.

Nasjonale føringar

Regjeringa har fremja ein opptrappingsplan for rusfeltet som gir oversikt over hovudutfordringane og fastlegg både kortsiktige og langsiktige strategiar for å møte dei. Rus- og psykisk helsefeltet er eit satsingsområde for regjeringa, og det er allereie igangsett omfattande satsingar. Desse områda har tidlegare ikkje fått den merksemd og prioritering som utfordringane på området tilseier. Opptrappingsplanen er i hovudsak innretta mot personar som er i ferd med å utvikle (tidleg innsats), eller allereie har etablert eit rusproblem. For å lykkast med å gi personar med rusproblem eit betre tilbod, er det nødvendig med gode tenester i brukarane sitt nærmiljø. Det er behov for å sjå nærmare på innsatsen etter behandling og skape moglegheiter for meistring, som meiningsfulle aktivitetar og fritid eller sørge for en stabil og god bustad. Hovudinnsatsen vert difor retta mot kommunesektoren der utfordringane er størst.

Planen inneheld både helsefremmande, førebyggjande og behandlingsretta tiltak. Born og unge si psykiske helse vert skapt i stor grad på andre arenaer enn i helsetenesta, og fleire sektorar skal difor bidra til å styrke den helsefremmande og

førebyggjande innsatsen. Innsatsen må verte retta inn mot dei arenaene der born og unge oppheld seg både fysisk og digitalt. Det er også forslag om ei utvida pilotering av FACT ung – oppsøkande og tverrfagleg hjelp til unge med samansette behov, samt ei styrking av helsesatsinga i barnevernet. Det er oppretta tilskotsordning for «rask psykisk helsehjelp». Regjeringa har innført pakkeforløp for rus og psykisk helse. Kvalitet og innhald i tenestene skal prioriterast, inkludert styrka brukarmedverknad, oppdatere retningslinjer og auke kunnskap om variasjon og utfall av behandling gjennom utvikling av kvalitetsregistre og helseatlas.

Undersøkingar viser at det er framleis ein stor del som scorar dårleg på meningsfull aktivitet. Nær ein tredjedel av tenestemottakarar med rusproblem er i svært lite eller ingen form for meningsfull aktivitet. Brukarane etterlyser meir involvering av og støtte til pårørande, hjelp til jobb og utdanning og meir hjelp til fysisk trening, ernæring og kosthald.

Ein heilskapleg alkoholpolitikk

Omfanget av alkoholrelaterte problem og skadar aukar med det totale forbruket av alkohol i samfunnet. At problema aukar med totalkonsumet veit vi med stor sikkerheit gjennom forskning. Den viser også at avgrensing på allmenn tilgjengelegheit har positiv effekt på totalforbruk og skadeomfang. Difor er norsk alkoholpolitikk basert på regulatoriske verkemidlar som avgrensar den generelle tilgangen gjennom løyvesystemet, vinmonopolordninga, reklameforbodet, aldersgrenser og avgifter.

Norsk alkoholpolitikk er ein folkehelsepolitikk og handlar om å førebygge breitt. Løyve til å selje eller skjenke alkohol til forbrukar er ikkje ein rettigheit. Dette gjeld sjølv om alle vilkår i lova er oppfylt. Det er opp til kommunen gjennom sine retningslinjer og skjønn å avgjere i kva grad ein skal gi løyve eller ikkje. Folkehelselova legg opp til at kommunane skal *“tenke helse i alt dei gjer”*. Dette betyr at ein forsvarleg alkoholpolitikk bør innlemmast i planlegging og drift i alle kommunen sine sektorar.

Løyvesystemet er samla sett eit av dei viktigaste verkemidla i norsk alkoholpolitikk. Alkohollova gir kommunen stor friheit, men også stort ansvar når det gjelder å bestemme sin eigen alkoholpolitikk. Det er også grunnen til at kvart kommunestyre skal handsame alkoholpolitikken og setje retningslinjer før kommunen handsamar fornying av alle alkoholløyva i kommunen.

Nytt frå Helsedirektoratet

- Lite endringar siste åra – preg av pandemi
- Hugs føremålet med alkohollova – avgrense tilgjengelegheit og avgrense forbruk
- Påminning: alkohol er inga vanleg ordinær vare - kan skape samfunnsmessige og individ skadar
- Forsking viser at all bruk av alkohol gir helseskade – Ikkje lenger skilje mellom bruk og skadeleg bruk
- Auka skjenketider og tal skjenkestader medfører auka alkoholbruk

- Oppdrag frå regjeringa om å utarbeide merking av alkoholhaldig produkt med åtvaring om helseskade (slik som for tobakksvarer)
- Mål om 20 % reduksjon i skadeleg bruk av alkohol innan 2030 (før var målet 10 % reduksjon)
- Pågåande diskusjonar om endringar i alkoholpolitikken i dei nordiske landa
 - Danmark bevegar seg i retning av meir restriktiv alkoholpolitikk - Einaste nordiske landet som ikkje har monopol
- Noreg -framleis ein restriktiv alkoholpolitikk – løyvesystemet er viktig tiltak for å redusere alkoholbruk
- Helsedirektoratet meiner at og oppmodar sterkt om at kommunane set vilkår om opplæring for alle som jobbar i skjenkestader
 - E-læring eller kurs
- Endring av regelverket særleg for å ivareta barn og unge – folkehelse
- Vurdere innføring av overskridingsgebyr
- Forebyggings- og behandlingsreformen
- Helsedirektoratet skal ha «rådslag» (innspelsmøte) om russetid og fadderveker
- Ein skal utgreie spørsmålet om det er fagleg grunnlag for å innføre ein generell rettleiar om alkoholbruk
- Jobbar med nasjonalt sakshandsamingssystem for løyve etter alkohollova

Rusmiddelsituasjonen i kommunen

Ein viktig føresetnad for å redusere rusmiddelbruk og rusmiddelrelaterte skadar, er at kommunen kartlegg og kjenner rusmiddelsituasjonen i kommunen godt. Datagrunnlaget til handlingsplanen er samla inn gjennom dialogmøte med brei deltaking frå oppvekstsektoren, ungdomskonsulent, ungdoms- vidaregåande og høgskule, helsestasjon, rus- og psykisk helseteneste, politiet, folkehelse rådsgjevar, Sogn næring, løyvehavarar for sal og skjenkestader, rådgjevar ansvarleg alkoholhandtering og løyvesaker, studentorganisasjon, medverkeringsråda. Dette er svært viktig og nødvendig medverknad for å få ein oversikt over den reelle situasjonen i Sogndal kommune. Sogndal kommune har i arbeidet med denne planen ikkje fått inn oversikt over bruk av vanedannande legemiddel. Tenesta for rus- og psykisk helse skal arbeide vidare med kartlegging av dette.

I følgje samfunnsplanen er ein del av visjonen vår «livskvalitet» fordi me vil at innbyggjarane skal kunne leve det gode liv i kommunen vår. Livskvalitet er ei individuell oppleving, og Sogndal kommune har mange gode kvalitetar for nettopp å leve eit godt liv. Det går likevel fram i arbeidet med planen, at sjølv sagt ikkje alle opplever det slik. Til dømes kjem mange studentar til Sogndal nettopp fordi dei ser verdiane av nærleiken til fjellet, fjorden og skogen som gode rammes rundt kvardagslivet som mange set pris på. Men det er og ein del studentar som ikkje har interessefelt innanfor desse områda. Det er studentar som må komme til Sogndal fordi dei ikkje kom inn på første eller andre valet sitt i studieval. Likeins er det heller ikkje alle faste innbyggjarar som finn livskvalitet i rammene og tilboda som finst i kommunen. Ungdommar og studentar etterlyser fleire møteplassar, og også fleire alkoholfrie alternativ utanom friluftsliv og idrett.

Det går fram av datagrunnlaget i arbeidet med planen at det faktisk er forsøkt med fleire ulike arrangement/ tilbud, men at det er liten oppslutnad omkring desse. Studentsamskipnaden sin eigen stad og møteplass, Meieriet, har utfordringar med oppslutning både til ulike arrangement og for å få frivillige til å delta i arbeidet med å arrangere. Det har vore drøftingar omkring kva som er årsak til dette og kva som skal til for å få til ei endring. Pandemien vert trekt fram som ein medverkande årsak til at folk ikkje er komme i gang att med å delta på ulike arrangement.

Både dei som arbeider med studentar og ungdommar trekker fram at mange brukar mykje tid for seg sjølv til det som kallast «skjermtid» på sosiale media. Det føregår ein del heimefestar, og det igjen medfører utanforskap. Inntrykket når det gjeld festing og bruk av rusmiddel er at ungdom festar sjeldnare enn før, men at når dei festar, så er det «hardare». Det kan vere utfordrande for utestadene at folk ofte er svært påverka når dei kjem til utestadene. Dette medfører ofte utfordringar utanfor skjenkestadene, og skjenkestadene må bruke mykje ressursar på å passe på utanfor og i køen inn til arrangement. Det er rapportert både frå ungdom og studentar, dei som arbeider med ungdom, politiet, psykisk helse- og rus tenesta, og skjenkestadene at det er og utbreidd bruk av illegale rusmiddel. Dette føregår først og fremst på heimefestar.

Utvikling

Ved inngangen til førre planperiode såg ein eit auka forbruk av rusmiddel spesielt blant unge. Tilbakemeldingar frå rustenesta var at tenesta såg ein auke i personar med rusmiddelproblem både bruk av illegale rusmiddel og auka alkoholmisbruk. Det var fleire personar som tok kontakt med tenesta med behov for oppfølging og hjelp. Både politiet og ettervernsgruppa i Sogndal såg auka forbruk av rusmidlar og spesielt blant unge. Covid-19 pandemien og lite sosialisering vart trekt fram som årsak til å ha ført til eit meirforbruk av rusmiddel, og ringverknadar av pandemien vil kan bli meir synlege framover. Kommunen må vere budd på at behov for oppfølging og hjelp kan auke.

I mars 2024 ser psykisk helse og rustenesta framleis ein auke i talet førespurnadar frå personar som ynskjer hjelp til ulike utfordringar knytt til rus og avhengigheit. Det er vanskeleg å sei om det er ein auke i samfunnet/kommunen generelt, eller om det er slik at fleire av dei som tidlegare ikkje tok kontakt med tenesta, no tek kontakt og søker hjelp. Det kan vere at tenesta når ut til fleire sidan tenesta har vore i endring og utvikling, og nye og breiare tilbud er etablert. Tenesta har og vore meir bevist på å informere om tilboda våre i fleire samanhengar.

Politiet rapporterte i 2021 at dei observerte ein haldningsendring blant ungdom, særleg når det gjeld haldningar til enkelte narkotiske stoff. Situasjonen er framleis slik at det er mykje bruk av både alkohol og illegale rusmiddel. Det er lite eller ingen kunnskap om skadeverknadar av narkotikabruk. Nokre ungdommar er ukritiske til bruk av rusmidlar og eksperimenterer med til dels farlege stoff. Politiet sine oppdrag i helgar er i hovudsak knytt til rusrelaterte saker. Politiet ser framleis problem med langing av alkohol til mindreårige, både ved at foreldre og andre vaksne kjøper alkohol til mindreårige. Butikkane ser ikkje langing, men dei opplever auka steling av alkohol blant unge.

Kommunen har oppretta SLT-team (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak) som er samansett av representantar frå ungdomsavdelinga, politiet, barnevern, helsesjukepleiar, rustenesta, Sogndal vidaregåande skule, NAV – flyktningsstenesta, rektorane ved skulane med ungdomstrinn og kommunepsykolog. SLT-modellen skal samordne rus og kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge. Målet er at barn og unge i kommunen skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper.

Sosiale møteplassar

God psykisk helse og livskvalitet verkar både rus- og kriminalitetsførebyggande. Verdien av sosiale møteplassar har fått større merksemd siste åra, spesielt etter pandemien. Viktigheita av og behovet for fleire sosiale møteplassar som eit av dei viktigaste tiltaka i det rusførebyggande arbeidet i kommunen, vart tydeleggjort i både det tverrsektorielle samarbeidsmøtet knytt til ruspolitisk handlingsplan, samt folkehelsemøtet - av blant anna politi, helsesjukepleiarar/miljøarbeidarar på skulane og tenesta for rus- og psykisk helse. Ungdomsrådet i Sogndal har gitt tydeleg uttrykk for at ungdom har behov for treffstader i alle bygdene, og dei etterlyser eit betre kollektivtilbod. Likevel er det diverre slik at ungdomsarbeid og fritidsklubb framleis manglar nasjonal forankring. Det er ei teneste kommunane ikkje er lovpålagde å sørge for. Ei målsetjing er at barn og unge i Sogndal kommune skal få auka kunnskap og tryggleik slik at dei kan ta sjølvstendige val i forhold til rusbruk. Å tydeleggjere fritidsklubben sitt potensiale som rusførebyggande arena og styrke koplinga mellom ungdomsarbeid og førebygging, vert difor svært sentralt.

Utelivsbransjen og kontroll

Skjenkekontrollar viser at dei fleste skjenkestadene har hatt ei positiv utvikling med tanke på godt vakthald og opplæring av vakter. Kontrollar har likevel avdekkja nokre avvik på at openbart påverka personar har fått komme inn og opphalde seg i skjenkestaden og skjenking til openbart påverka personar. Kommunen har stor merksemd på informasjon og rettleiing om internkontroll, slik at skjenkestadene sikrar gode rutinar og opplæring for å sikre at alkohollova sine føresegner vert følgt. Likevel er det under kontrollar framleis rapportert om avvik for internkontrollsystemet både for sals- og skjenkestader.

Retningsliner for arrangement

I førre planarbeid påpeika politiet også tydelege rammer og samarbeid ved avvikling av større arrangement i kommunen, og at politivedtektene i kommunen bør reviderast ved jamne mellomrom og ta høgde for eventuelle endringar i lova, samt lokale omsyn. Ved inngangen til ny planperiode har Sogndal kommune starta eit tverrfagleg samarbeid med å utarbeide retningsliner for arrangement, og politivedtektene er revidert.

Kommunen har tidlegare hatt informasjonskampanjar, men status i dag viser at slike kampanjar openbart ikkje verkar åleine. Forsking viser og at opplysningskampanjar åleine har liten verknad, men at prosjekt med involvering over tid kan medføre haldningsendring. I følge Helsedirektoratet er det 3 komponentar som må vere på plass samtidig og over tid for å få effekt:

- opplæring både utelivsbransjen og ungdom
- samarbeid på tvers

- kontroll og oppfølging av alle løyve

Organisering til beste for både førebygging og rehabilitering

Sogndal kommune fekk i førre periode etablert eit eige tenesteområde for psykisk helse- og rus med eigen tenesteleiar. I tråd med nasjonale føringar vil dette bidra til at dette fagområdet får den merksemd og prioritering som utfordringane på området tilseier. Sogndal kommune har også organisert helsestasjonstenesta under tenesteområde for oppvekst. Dette styrkar samarbeidet for born og unge. Helsesjukepleiar oppheld seg til faste tider på skulane som er ein innsats på ein av arenaene der born og unge oppheld seg slik nasjonale føringar påpeikar.

Kompetanse og kapasitet

Psykisk helse og rustenesta sa i 2021 at Sogndal kommune framleis bør ha som mål å auke kompetanse og kapasitet i rustenesta. Etterverngruppa påpeika at det er svært viktig med personlege eigenskapar ved tilsetjing av personar som skal jobbe innanfor rusfeltet, spesielt vektlegg dei eigenskapar som å verkeleg lytte og respekt. Dette kan jamførast med det som i nasjonale føringar vert kalla relasjonskompetanse. Eit døme på dette er etterverngruppa sitt forslag om at dei kan vere delaktige i informasjonsarbeid til ungdom og ved deltaking på fagdagar.

Psykisk helse og rustenesta melder i 2024 at dei i løpet av førre planperiode har auka både kompetanse og kapasitet. Våren 2022 tilsette kommunen 50 % psykiatrisk sjukepleiar som er stasjonært i Balestrand. Balestrand hadde då over ein lengre periode vore utan fast stasjonært personale innan psykisk helse og rus teneste.

Sogndal kommune er vertskommune for Høgskulen i Vestland og Sogndal vidaregåande skule noko som igjen fører til mykje ungdommar og unge vaksne i kommunen store delar av året. Dette må takast med i betraktning i samband med utvikling av tenesta og behov framover.

Målretta innsats for personar med utfordringar innanfor rus

Politiet ynskjer at Sogndal kommune har ein tydeleg og målretta innsats for personar med utfordringar innanfor rus, med mål om god oppfølging av individuell tilpassa behandlingsplan. I denne samanhengen må ein sjå på bustadsituasjon, jobbtillbod, rett helsehjelp og tett oppfølging. Sogndal kommune har oppretta eit eige tenesteområde for psykisk helse og rus, og dette viser at kommunen tek dette fagområdet på alvor. Det blir ei meir spissa teneste med spesialkompetanse innanfor fagfeltet. Politiet påpeikar også i 2024 at det er heilt nødvendig med kapasitet for bistand frå psykisk helse og rustenesta.

Bustad- aukande behov

Teneste for psykisk helse og rus påpeikar og at det i 2024 framleis er viktig å ha merksemd på bustad til vanskelegstilte. Kommunen har framleis lite tilgang på kommunale bustadar, og behovet er aukande. Samstundes kan det vere utfordrande å komme inn på det private leigemarknaden.

Aktivitetstilbod

Etterverngruppa påpeika til førre planarbeid at har informasjon om at det er ein del folk som har behov for å komme seg ut for å få prata, og då gjerne samtidig som ein

trenar og/eller går tur. Nokon har vektlagt at dette er eit arbeid som andre har hatt god hjelp av med erfaringskonsulent. Kommunen har søkt Statsforvaltaren i Vestland om tilskot til kommunalt rusarbeid og fått midlar til stilling knytt til aktivitetstilbod. Det skal opprettast eit aktivitetstilbod til personar med utfordringar innanfor rus og/eller psykisk helse. Tilbodet skal utviklast og etablerast saman med brukarar. Brukarmedverknad skal stå sterkt. Det nye aktivitetstilbodet støttar opp under eit av hovudmåla i opptrappingsplanen for rusfeltet. Alle skal ha ein aktiv og meningsfull kvardag. Erfaringar viser og at det er behov og ynskje om tilbod i grupper med fokus på fysisk aktivitet/samtale. Dette kan gi samhøyrighet og fellesskap.

Rask psykisk helsehjelp

Ettervernsgruppa etterlyste og lågterskel tilbod for å oppsøke hjelp når nokon treng dette. I Sogndal kommune har tenesta psykisk helse og rus etablert rask psykisk helsehjelp (RPH) frå hausten 2022. RPH er eit lågterskeltilbod til personar over 16 år med ulike utfordringar og deriblant begynnande rusmiddelproblem. Eit av hovudmåla i regjeringa sin opptrappingsplan er at ein skal sikre at personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem, skal fangast opp tidleg og hjelpast. Dette krev ei tilgjengeleg, heilskapleg og variert teneste. Etablering av RPH gi ei meir tilgjengeleg teneste med større variasjon.

RPH er eit lågterskel korttids behandlingstilbod i kommunen for personar frå 16 år og oppover med milde til moderate plager innanfor angst, depresjon, søvn, stress, begynnande rusproblem og/eller søvnevanskar. Dei tilbyr ulike behandlingalternativ ut frå kva som vil vera mest nyttig for den som tek kontakt. Våren 2023 søkte kommunen om midlar gjennom tilskot til kommunalt rusarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland. Tilskotet skal bidra til betra livskvalitet, meistring og mogelegheit for eit aktivt og meningsfylt tilvære for personar med rusmiddelrelaterte problem og deira pårørande. Dette kan kommunane oppnå ved å styrke tilboda innan førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging. Sogndal fekk innvilga tilskot og fekk midlar til og styrka RPH-teamet med 1 årsverk med fokus på førebygging, tidleg innsats, oppfølging og behandling. Målet er at dette skal bli ein varig auke i kapasitet.

Pårørande

Ettervernsgruppa etterlyste i 2021 også ei «grøn linje» med lågterskel for kontakt for pårørande. Dei tipsa om å opprette eit samarbeid med LPP (Landsforeningen for Pårørande innen Psykisk helse) og deira «Møteplass», noko som har vore ein stor suksess på Nordfjordeid. «Møteplass» for helsefremjande dialog er ein arena for eit likeverdige møte og gjensidig læring mellom pårørande og fagfolk, der pårørande sin situasjon er i fokus.

I 2024 er Sogndal kommune i startfasen med å etablere «Møteplass». Dette i eit samarbeid med spesialisthelsetenesta og LPP. Møteplass skal ha oppstart vår 2024. Dette har vore eit etterspurt tilbod og som forhåpentlegvis vil gi pårørande eit betre tilbod totalt sett.

Informasjon- kommunen si heimeside er viktig

Ettervernsgruppa ga i 2021 Sogndal kommune positive tilbakemeldingar på kommunen si heimeside som dei meiner er ei av dei betre i fylket på konkret og brukbar informasjon. Men dei tipsa om at sida også kan lenkast til frivillige relevante regionale aktørar som Rusettervernet, og nasjonale som Blå Kors eller tilsvarande

behov for samtale/ å prate. LPP har og ein nasjonal rådgjevingstelefon for pårørande som det bør visast til på Sogndal kommune si heimeside.

Psykisk helse og rustenesta har dei siste åra hatt merksemd på å oppdatere heimesida og gi god og oversiktleg informasjon om tenesta til innbyggjarane. Det er viktig at tenestetilbodet er kjent og det skal vere enkelt å finne informasjon og kontaktinfo.

Ansvarleg alkoholhandtering - arbeidet med sal- og skjenkeløyve

Ansvarleg alkoholhandtering er ei nasjonal satsing som skal bidra til å skape eit trygt uteliv og førebygge vald og rusrelaterte skadar. Helsedirektoratet påpeikar at alle som jobbar med alkohollova er folkehelsearbeidarar. Kommunen er både tilsyns- og løyvemyndigheit for sals- og skjenkeløyve. I det administrative arbeidet ligg sakshandsaming av løyvesaker, gjennomføring og oppfølging av kontroll, samarbeid med andre etatar, samarbeid og dialog med løyvehavarane, tilbod om rettleiing og kurs til alle som jobbar i utelivsbransjen. Kommunen, politiet og utelivsbransjen kan saman arbeide for eit trygt uteliv. KoRus har ei viktig rolle i arbeidet med å hjelpe kommunane i dette arbeidet.

Sogndal kommune vil ha ei aktiv rolle overfor utelivsbransjen med kurs, kontrollar, oppfølging etter kontrollar, rettleiing og samarbeid for å oppnå

- Tryggare uteliv og nærmiljø
- Føreseielege vilkår for utelivsbransjen
- Større forståing for sals- og skjenkeføresegner
- Auka trivsel for gjester og tilsette
- Betre folkehelse

Helsedirektoratet tilrår dei som jobbar med alkohollova å ta ei aktiv rolle ved å

- Legge opp til politiske diskusjonar om folkehelse, alkohol og trygghet i kommunen
- Bruke politirådet som arena for samarbeid
- Gi opplæring for auka trygghet
- Kontakte Statsforvaltaren ved behov for juridisk bistand i spørsmål om alkohollova
- Kontakte KoRus for spørsmål om rus

Politiet ynskjer tett samarbeid med kommunen i skjenkesaker, både under sakshandsaming og undervegs i løyveperioden. Dei påpeikar behovet for fornuftig skjenkepolitikk med tydeleg og konkret oppfølging av verksemder med skjenkeløyve. Retningslinjer for handsaming av sal- og skjenkeløyve skal inn i rusmiddelpolitisk handlingsplan. Kommunen skal vidare framover halde fram med å tilby rettleiing til alle løyvehavarar, samt starte opp med kurs for alle som jobbar i utelivsbransjen.

Sal- og skjenkeløyve i Sogndal kommune

Sogndal kommune hadde til saman per mai 2021 47 sal- og skjenkeløyve.

Sogndal kommune har per februar 2024 62 sals- og skjenkeløyve

Salsløyve: 20 - Skjenkeløyve: 42

Det er i løpet av perioden 2020- 2024

- starta opp 17 nye sals- og skjenkestader
- 1 løyveharar for ein skjenkestad som ikkje har fått fornya skjenkeløye - grunna at lovkrava ikkje var stetta
- 1 søknad om salsløyve som har fått avslag - grunna at lovkrava ikkje var stetta
- registrert konkurs for to skjenkestader
- registrert konkurs for ein salsstad
- registrert avvikling av fire skjenkestader. To av desse er starta opp med ny løyveharar, og ein er i ferd med å starte opp att, også med ny løyveharar.

Omsetnadstal frå verksemdene

Siste tal på omsetningstal frå verksemdene er tal frå 2019, og er innhenta frå dei tre tidlegare kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand. Det å berre sjå på omsetjing av alkohol i dei tre kommunane, gjev ikkje noko fullstendig bilete av alkoholkonsumet i kommunen. I tillegg kjem alkohol kjøpt andre stader, eigenproduksjon og illegal omsetjing av alkohol. I Norge reknar ein med uregistrert forbruk utgjør omlag 25-30 % av totalforbruket.

Rapportering for siste omsetnadstal for Sogndal kommune 2022/2023 er ikkje nøyaktig. Det er ikkje registrert omsetnadstal frå verksemdar som er konkurs, og kommunen har avdekka at ikkje alle verksemdene har levert inn omsetnadsoppgåve. Sogndal kommune har ikkje hatt praksis for gjennomføring av dokumentkontroll med påfølgjande sanksjonar i form av prikktildeling for denne type regelbrot. Dokumentkontroll er ein del av kontrollsystemet som ikkje er med i avtalen for kontrollskapet Securitas AS, og kommunen vil frå 2024 gjennomføre denne type kontrollar sjølv. Ved manglande innlevering av omsetnadsoppgåve og innbetaling av gebyr i samsvar med kommunen sine fristar, pliktar kommunen i samsvar med alkoholforskrifta å utføre tildeling av prikkar.

Samandrag rusmiddelsituasjonen Sogndal kommune

Sogndal kommune har oppretta ei eiga teneste for psykisk helse og rus, og dette vil i tråd med nasjonale føringar, bidra til at dette fagområdet får den merksemda og prioriteringa som utfordringane på området tilseier, med satsing på førebygging, tidleg innsats og betre behandling. Tilbakemelding frå brukarane er at Sogndal kommune har gode tenester til dei som har utfordringar med rus og psykisk helse.

Det skal opprettast eit aktivitetstilbod til denne gruppa, og kommunen har etablert lågterskeltilbodet rask psykisk helsehjelp (RPH). Sogndal kommune si heimeside får positive tilbakemeldingar på konkret og god informasjon. Kommunen har merksemd på lågterskel for kontakt for pårørande, og *Møteplassen* skal opprettast.

Sogndal kommune vil ha førebyggjande arbeid blant barn og ungdom som hovudsatsing i planen. Kommunen ser ringverknadar av covid-19 pandemien med utfordringar i forhold til å få særleg ungdom og studentar til å møtast og gjere bruk av dei tilboda som finst. Det er fleire arbeid på gang for å få dialog med og lytte til ungdommane og studentane. Hovudstrategien er førebyggjande arbeid, men kommunen må vere budd på at behov for oppfølging og hjelp kan auke.

Regjeringa vektlegg at kvalitet og innhald i tenestene inkludert brukarmedverknad skal prioriterast, og Sogndal kommune bør framleis ha som mål å auke kompetansen i rustenesta men òg innanfor alle sektorar og innbyggjarar, spesielt mot ungdom. Rustenesta må dimensjonerast i forhold til innbyggjartal, studentar/elevar og demografi.

Sogndal kommune er på god og rett veg i forhold til nasjonal opptrappingsplan for rusfeltet. Men ein ser framleis slik som ved førre planarbeid, til dels store utfordringar blant ungdom. Tidleg innsats, lett tilgjengelegheit og tverrfagleg innsats vil vere viktig for å lukkast. Sogndal kommune følgjer opp strategiar og tiltak som er omtala i rusmiddelpolitisk handlingsplan. Men for å få alle samarbeidspartar involvert og oppdatert på situasjonen og status i kommunen, er ein avhengig av vidare samskaping.

Rusmiddelpolitiske mål, strategiar og tiltak

Kommunen sine mål og strategiar på rusmiddelområdet bør ta utgangspunkt i nasjonale mål og strategiar. Med bakgrunn i dette, og på grunnlag av vurderinga av rusmiddelsituasjonen lokalt kan kommunen definere mål, strategiar og tiltak. Ruspolitisk handlingsplan for rusfeltet i Sogndal kommune skal bidra til at færre innbyggjarar utviklar rusproblem, og at innbyggjarar med denne type problem får bistand ut frå sine individuelle behov til å leve eit meningsfylt liv. Tidleg innsats og betre tverrfagleg samarbeid er nødvendige hovudstrategiar.

Sogndal kommunen sine hovudmål i ruspolitikken er:

- Færre innbyggjarar utviklar rusproblem – førebygging og folkehelse
- Redusere det totale forbruket av alkohol - førebygging og folkehelse
- Innbyggjarar med rusproblem får bistand til å leve eit meningsfylt liv – rehabilitering og behandling

Kommunen sine strategiar for å nå desse måla er:

- Hovudsatsing på førebyggjande arbeid retta mot ungdom
- Betre tverrfagleg innsats (BTI) spesielt mot ungdom og heilskapleg tenestetilbod til rusmisbrukarar og deira pårørande
- Ein ansvarleg sal- og skjenkepolitikk frå sakshandsaming av løyvesaker til gjennomføring av kontrollar og oppfølging av verksemder med sal- og skjenkeløyve i samarbeid med politiet.
- Merksemd på rettleiing og opplæring til skjenkestadene
- Forsvarleg alkoholpolitikk skal innlemmast i planlegging og drift i heile den kommunale drifta
- Auke kompetanse på rus, både blant tilsette i kommunen og blant innbyggjarane, spesielt det som knyter seg til ungdom
- Informasjons- og haldningsskapande prosjekt over tid, og skulen vil her vera den mest sentrale arena
- Støtte rusfrie arenaer, miljø- og aktivitetstilbod til alle aldersgrupper

- Auka livskvalitet ved rusproblem gjennom gode tenester, bustad og aktivitetstilbod
- Brukarmedverknad og samarbeid med Etterverngruppa i Sogndal, *Møteplassen* og andre frivillige organisasjonar

Tiltak:

- Tett samarbeid mellom heim og skule. Skape innsikt og forståing for at vaksne sitt alkoholforbruk påverkar born og unge. Ansvarleggjere born/unge og foreldre gjennom haldningsskapande prosjekt
- Vidareutvikle Rask psykisk helsehjelp (RPH)
- Oppstart av aktivitetstilbod innanfor psykisk helse og rus
- Oppstart av kartleggingsarbeid og utbygging av kommunale bustader
- Gjennomføre jamleg skjenkekontrollar og oppfølgingsarbeid etter kontrollar
- Tilby kurs/ opplæring og rettleiing til dei som arbeider i skjenkestadene
- Dialog mellom kommunen og løyvehararane
- Tett samarbeid med politiet i skjenkeløyvesaker, både under sakshandsaming og undervegs i løyveperioden
- Vidare satsing på Betre tverrfagleg innsats (BTI) og Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT)
- Samarbeid med vinmonopolet lokalt for å betre rutinar for avdekking av langing

Hovudstrategi

Den viktigaste strategien, er at vi skal halde fram med det tverretatlege samarbeidet, kalle inn gruppa som deltok i planarbeidet 1-2 gangar i året for å sjekke status

- Kor er vi i forhold til planen,
- brukar vi strategiane,
- utfører vi tiltak

Likeins kalle inn til felles møte for andre aktuelle samarbeidspartar inkludert næringa slik vi gjorde i starten av planarbeidet.

Alkoholpolitiske retningslinjer Sogndal kommune

Delegering

Sogndal kommune har delegert løyvemynde til kommunedirektøren.

Løyveperiode

Kommunalt løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan giast for periodar for inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Fornyng av løyve ved utløpet av løyveperioden skjer ikkje automatisk. Løyvehavar må søkje på nytt, og kommunen må føreta ei ny vurdering av om løyve skal gjevast. Fornyng av løyve etter løyveperioden sitt utløp står rettsleg i same stilling som ny søknad. Løyvehavar har ikkje rettskrav på å få fornya løyve. Dei same omsyna vil vere relevante både ved første gangs søknad og ved søknad om fornyng av løyve. Men ved fornyng vil kommunen i tillegg ha erfaring med korleis løyva er blitt utøvd, og kan ta omsyn til dette.

Naudsynt dokumentasjon ved søknad om løyve

Nødvendig dokumentasjon som må leggjast ved søknad om sals- og skjenkeløyve: firmaattest, dokumentasjon på eigarforhold t.d. aksjeeigarbok, skatteattest, teikningar med omtale av sals/ skjenkeareal, konseptomtale, dokumentasjon på kunnskapsprøve styrar og stadfortredar, kopi av arbeidsavtale for styrar og stadfortredar (om ikkje eigarforhold), leigekontrakt eller skøyte, kopi av serveringsløyve. Stadfesting av grunneigarløyve til eventuell uteservering.

Om det etter ei vurdering av den ordinære søknaden og dokumentasjon framleis er uklart kven som for eksempel er den eigentlege eigar, kan finansieringsplan, drifts- og likviditetsbudsjett gi nyttig tilleggsinformasjon.

Søkjjar – det skal vere den som skal vere løyvehavar, altså den som har det økonomiske ansvaret for verksemda.

Kontaktperson bør vere styreleiar eller dagleg leiar, eller ha stadfesting som forklarar rolle i verksemda.

Det kan søkjast om serveringsløyve samtidig som ein søkjer om skjenkeløyve og i same skjema.

Styrar og stadfortredar

Styrar og stadfortredar kan som hovudregel ikkje ha denne rolla for fleire enn ein sals- og/ eller skjenkestad. Unntaket frå regelen skal vere snevert, og må vere særleg grunngjeve. Også fritak for stadfortredar skal vere eit snevert unntak.

Uttale frå politi, sosialtenesta, skatte- og avgiftsmyndigheita

Før kommunen kan ta avgjersle for søknad om sals- og skjenkeløyve, skal den innhente uttale frå politi, sosialtenesta, skatte- og avgiftsstyresmakta.

Ved søknad om ny styrar/ stadfortredar skal kommunen minimum innhente uttale frå politiet.

Kommunen sitt skjønn

Alkoholova oppstiller visse krav og vilkår som må vere oppfylt for at løyve skal kunne giast. Når desse vilkåra er oppfylt, er det opp til kommunen, på fritt skjønn, å bestemme om løyve skal gjevast.

Ved vurdering om løyve for sal eller skjenking skal gjevast, kan kommunen leggja vekt på verksemda sin karakter, plassering, lokalmiljøet, målgruppa, trafikk- og ordensmessige tilhøve og næringspolitiske omsyn, om løyvesøkjjar er egna til å ha løyve og omsynet til kontroll. Opprekninga er ikkje uttømmende. Generelt kan alle omsyn som fremjar alkoholova sitt føremål, vere relevante. Kommunen kan legge vekt på i kva grad ein kan forvente at løyve vil bli utøvd i samsvar med lova. Omsyn til forsvarlegheitskravet i alkoholova § 4-7 kan og bør vektleggast. Det kan leggast vekt på kommunen si erfaring med sal-/ skjenkestad ved ny søknad. Ønskje om å avgrense tilgjengelegheit av alkohol spesielt for ungdom kan vektleggast. Omsynet til eigenkontroll med salet/ skjenkinga fører til at kommunen skal legge vekt på sals- eller skjenkestaden sin storleik, innreiing og oversikt/ eigenkontroll med skjenkearealet.

Løyve for skjenking i uteareal vert gjeve etter ei konkret vurdering av kvar enkelt sak. Følgjande moment skal vurderast: Ro- og ordensmessige omsyn, trafikk, tilgjenge og omsyn til friferdsel. Området skal vere tydeleg avgrensa og så langt som mogleg inngjerda.

Omsynet til kontroll fører til at det ikkje vert gitt sals- skjenkeløyve der sals- skjenkestaden er i ordinært privat bustadhus der sals- /skjenkearealet inngår i areal/område som er til vanleg privat bruk.

Vilkår

I følge alkoholova § 4-3 og § 3-2 kan kommunen setja vilkår for løyva. Føresetnaden for eit lovleg vilkår er at det er grunngitt i alkoholpolitiske omsyn.

Sogndal kommune set som fast vilkår at alle som jobbar i ein skjenkestad skal ha gjennomført opplæring i skjenkestaden sine rutinar, og gjennomført kurset «Ansvarlig vertsskap». Kurset kan gjennomførast som e-læring eller i regi av Sogndal kommune. Oversikt over tilsette og tilsette som har gjennomført opplæring skal gå fram av IK-alkohol.

Forholdet til andre regelverk

Løyvehavar er sjølv ansvarleg for at sals- og skjenkestaden er eigna til næringsføremålet, og at det er forsvarleg opp mot anna regelverk som til dømes mattilsynet og brannforskrifter.

SALSLØYVE

Det vert gitt løyve til 1 vinmonopol – alkoholgruppe 2 og 3

Salsløyve for alkohol opptil 4,7 volumprosent alkoholprosent (alkoholgruppe 1):

- avgrensa til daglegvarebutikkar.
- Nettsal (sjå særlege reglar)

Det kan ikkje gjevast salsløyve til bensinstasjonar og kioskar.

Det vert ikkje gitt salsløyve der salslokalet er i eit ordinært privat bustadhus.

Utvida salsløyve - Sal av alkoholhaldig drikk tilverka i eiga verksemd, jf. alkohollova § 3-1b.

Eit kommunal salsløyve kan utvidast til å omfatte sal av alkoholhaldig drikk som er innført eller tilverka for sal i eiga verksemd. Dette betyr følgjande:

Innførsel

Rett til innførsel gir rett til sal av innført alkoholhaldig drikk på salsstaden. Dette omfattar berre alkoholhaldig drikk i gruppe 1.

Tilverking for sal i eiga verksemd

Rett til tilverking, gir rett til sal av tilverka alkoholhaldig drikk direkte frå produksjonsstaden til forbrukar, men berre dersom visse vilkår er oppfylt.

Dette kan omfatte alkoholhaldig drikk i gruppe 1, og /eller visse alkoholhaldige drikker i gruppe 2 som ikkje er tilsett brennevin.

Følgjande vilkår gjeld for utvida salsløyve etter alkohollova § 3-1b for sal av tilverka alkoholhaldig drikk direkte frå produksjonsstaden:

Kommunalt løyve etter alkohollova § 3-1 andre ledd kan, dersom krava i § 1-7f første ledd er oppfylt, utvidast til å omfatte innførsel eller tilverking for sal i eiga verksemd av alkoholholdig drikk gruppe 1 som ikkje er tilsett brennevin.

Krava i alkohollova § 1-7f er følgjande:

- Krav om at tilverkinga må skje ved salsstaden, og at tilverkinga og salet må utgjere ein del av staden sin heilskaplege karakter og salstilbod.

Det vil sei at tilverkinga berre kan skje i tilverkingslokale som ligg i same lokale som eller i naturleg nærleik med salsstaden. Døme på slik naturleg nærleik og tilknytning er kjellar eller eige bryggjar/ produksjonshus på ein gard. Det skal vere mogleg å kontrollere tilverking og sal under eit.

- Kravet om tilknytning mellom tilverkingslokale og salslokaler medfører at salet må finne stad på produksjonsstaden. Utvidinga gir ikkje rett til engrossal. Skal det tilverkast alkohol for sal utanfor produksjonsstaden, må det liggje føre statleg tilverkingsløyve jf. alkohollova § 6-1.
- Vilkåret om at tilverkinga skal skje ved salsstaden, må sjåast i samanheng med vilkåret om at tilverking og sal skal inngå i ei heilskapleg totaloppleving.

At tilbodet omfattar meir enn sal er altså eit absolutt vilkår etter alkohollova. Kravet om heilskapleg karakter og tilbod er eit absolutt vilkår, og det gjeld både for alkoholgruppe 1 og 2, og om søkjar har statleg tilverkingsløyve. Kva som skal til for at vilkåret om heilskapleg karakter og tilbod er oppfylt, må kommunen vurdere

konkret i den enkelte sak. Sogndal kommune vil i sitt skjønn for vurdering av heilskapleg karakter vektlegge følgjande:

- Verksemda må leggje ved søknaden ein konseptomtale der det går tydeleg fram at kravet om heilskapleg karakter og tilbod er ivareteke.
- Salsstaden må kunne ta i mot bestilling for omvising, kultur/ historiefremming der det går fram ein historisk og kulturell samanheng mellom tilverking, salet og salsstaden sine andre tilbod.
- Kommunen vil leggje vekt på omsynet til lokale tradisjonar som vil kunne fremje lokal kultur og turisme. Eigen dyrka frukt vil også vere eit moment ved vurderinga av heilskapen i tilbodet. For tilverking av visse typar alkoholhaldig drikk i gruppe 2, er det også eit krav om at minst ein tredjedel av innsatsvarene som gir produktets sin karakter, må vere eigenprodusert.
- Kulturelle aktivitetar, mogleg for gjestene til deltaking, eller kunne sjå innhausting og produksjon mv.
- Lokal tilverking av alkoholhaldig drikk saman med mat, produksjon, og sal og eventuell servering, steden sin karakter, omgivnadane elles og moglegheit til å sjå/ delta under innhausting/ produksjonen, vil vere sentralt element i en totaloppleving.
- Det vil ikkje vere tilstrekkeleg at produksjon og sal av alkoholhaldig drikk kan skje på same stad. Ordninga er ikkje meint å omfatte salsstader der nokon ønskjer å starte produksjon av alkoholhaldig drikk, og dermed tilby eige «brygg» som ein kuriositet, utan at dette inngår i eit breiare og meir samansett tilbod.

Dersom også krava i § 1-7f andre ledd er oppfylt, kan løyve også utvidast til å omfatte tilverking for sal i eiga verksemd av alkoholhaldig drikk gruppe 2. Løyve etter § 3-1b første ledd annet punktum og annet ledd for alkoholholdig drikk gruppe 2 kan berre gjevast for inntil 15 000 liter per år og på følgjande vilkår:

- Den alkoholhaldige drikken må vere omfatta av produktlista i kommentar til posisjon 22.06 i Tolltariffen og kan ikkje vere tilsett brennevin eller blanda med alkoholhaldige produkt utanfor produktlista i kommentar til posisjon 22.06 i Tolltariffen.
- Minst ein tredjedel av innsatsvarer som gir produktet sin karakter, må vere eigenprodusert.

Innehavarar av statleg tilverkingssløyve kan også søke om kommunalt salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og visse produkt i gruppe 2 direkte frå staden for tilverking. Dei same vilkåra og krav om heilskapleg konsept som omtala ovanfor, er gjeldande for å få salsløyve.

Nettsal/ nettbutikk

Særlege reglar for nettsal

Det kan gjevast salsløyve for sal via nettbutikk men med slike føresetnadar:

- Løyve i den kommunen der utleveringa skjer
- Styrar og stadfortredar på lik line med andre løyve
- Omsetnadsoppgåve/omsetnadsgebyr

Utøving:

- Tidsavgrensingar for utlevering i samsvar med kommunen sine fastsette salstider
- Forbod mot sal og utlevering til personar under 18 år
- Forbod mot sal og utlevering til personar som er openbart påverka av rusmiddel
- Ved utlevering må kunden kvittere for å ha mottatt varer og alkohol, samt tidspunktet for utlevering. Alkoholleveransen skal kvitterast på eiga linje.
- Ved tvil om alder skal legitimasjon etterspørjast og persondata noterast.
- Køyreliste med legitimasjonsopplysningar skal lagrast i ei mappe som skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll.

Kan ikkje utleverast på sjølvbetjent hentepunkt

Alkoholhaldig og alkoholsvak drikk kan ikkje utleverast på sjølvbetjent hentepunkt, då dette vil vere i strid med forbodet mot sal frå automat i alkoholforskrifta § 2-5 og alkohollova sine føresegner om aldersgrense § 1-5 andre ledd. Med sjølvbetjent hentepunkt meinast og ubetjent hentepunkt der kunden vert gitt tilgang til å hente ut bestilte og betalte varer for eksempel ved bruk av ein kode/passord.

Ingen løyve til ubetjent butikk

Det vert ikkje gitt sals/ skjenkeløyve til ein sjølvbetjeningsstad, som til dømes ubetjent butikk.

Sal og skjenking - ikkje i same lokale

Sal og skjenking kan ikkje skje i same lokale som skjenking då salsløyve etter alkohollova ikkje kan utøvast saman med skjenkeløyve i same lokale jf. alkohollova § 3-1 andre ledd, 4 punktum og § 4-1 første ledd.

SALSTIDER

TYPE SALSLØYVE	Salstider
Vinmonopolutsal	Kvardagar: kl. 08.30 – 18.00 Laurdagar og dagar før heilagdagar (unntatt Kristi Himmelfartsdag): kl. 08.30 - 16.00
Utvida salsløyve - tilverking for sal i eiga verksemd	Kvardagar kl. 08.00 – 20.00 Laurdagar og dagar før heilagdagar kl. 08.00 – 18.00
Salsløyve for alkohol opptil 4,7 volumprosent (alkoholgruppe 1)	Kvardagar Kl. 08.00 – 20.00 Laurdagar og dagar før heilagdagar kl. 08.00 – 18.00
Nettsal Løyve til alkoholgruppe 1	Utlevering innanfor salstider: Kvardagar kl. 08.00 – 20.00 Laurdagar og dagar før heilagdagar kl. 08.00 – 18.00

SKJENKELØYVE

Løyve kan gjelde alkoholhaldig drikk gruppe 1, alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 eller all alkoholhaldig drikk.

SKJENKELØYVE	
LØYVE	Type verksemd/vurderingskriterium
Generell løyve for skjenking av brennevin, vin og øl (alkoholgruppe 1, 2 og 3)	-Hotell -Restaurantar og andre serveringsverksemder avgrensa mot eit vakse publikum der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevinsservering kan forsvarast
Generelt løyve for skjenking av øl og vin (opp til 22 volumprosent) (alkoholgruppe 1 og 2)	-Reiselivsverksemder som pensjonat, vertshus, mindre overnattingsverksemder, gardsturisme o.l. -Restaurantar med anna karakter enn restaurantar spesielt for brennevinsløyve, eller retta mot eit breiare publikum enn spesifisert for brennevinsløyve -Pubar -Stader retta mot ungdom frå 18 år og eldre -Ferjer og båtar i chartertrafikk
Uteservering Serveringsstader utandørs skal ha tydeleg avgrensa område, og så langt som mogleg også inngjerda område. Alle former for telt er å rekne som utandørs servering. Skjenketider for utandørs skjenking er gjeldande	Uteservering Uteservering kan etablerast i tilknytning til ei utviding av allereie eksisterande serverings- og skjenkestad eller som eiga driftseining. Før uteserveringa kan skje, må søkjar dokumentere: a) at søkjar har lovleg åtgang til å nytte arealet til uteservering, kopi av leigekontrakt, eller stadfesting på at arealet ligg på eigen grunn. I tillegg må;

	<p>b) skjenkearealet på uteservering vere klart avgrensa mot det arealet som ikkje er skjenkeareal.</p>
<p>Løyve til skjenking av vin og øl (opp til 22 volumprosent) ved eit <u>enkelt arrangement</u></p> <p><i>Søknadsfristen er minimum 3 veker før arrangementet finn stad .</i></p> <p><i>Det skal innhentast uttale frå politi og sosialtenesta</i></p>	<p>Forsamlingslokale med blanda føremål:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Kulturhuset – avgrensa til foajeen -Kulturhuset – avgrensa til kantina til Blaoboxen -Musea <p>-Andre offentlege forsamlingslokale, ev. kombinert bruk som t.d. ungdomshus med spesielle arrangement, men ikkje i samband med idrettsarrangement</p> <p>-Sentrumsparkar og anna parkareal, badeanlegg og liknande i sentrum</p> <p>-Løyve til skjenking av øl og vin ved enkeltanledning skal vera i samband med særskilte arrangement</p> <p>Tildeling av løyve for enkeltanledning skal ikkje kunna gjevast til stader som er unnateke for skjenking i lov, forskrift eller kommunale retningslinjer</p>
Ambulerande løyve	<p>Sogndal kommune har ikkje ambulerande løyve. Slike høve som ambulerande løyve kan nyttast til, vert gitt som løyve til ein bestemt anledning/ einskild høve</p>
Alkoholservering utan løyve	<p>Privat personar som leiger/låner eit lokale kan servera alkohol utan løyve ved særskilte høve og i lukka lag – jf. alkoholova § 8 - 9 siste ledd.</p> <p>Eit slikt fritak gjeld ikkje lokale organisasjonar som leiger/låner eit lokale.</p>
Inga løyve til	<p>-Stader som spesielt retta mot ungdom under 18 år.</p> <p>-Lokale/arena som vert nytta til idretts – og mosjonsaktivitetar medrekna motorsport</p>

	<p>-Idrettsarrangement</p> <p>-Kantiner, kafear, restaurantar og anna areal i butikksenter si ordinære opningstid, kioskar og bensinstasjonar</p> <p>- Det vert ikkje gitt skjenkeløyve der skjenkelokalet er i eit ordinært privat bustadhus</p>
--	---

Utvida skjenkeløyve, jf. alkohollova 4-2, tredje ledd – innførsel og tilverking

Skjenkeløyve kan utvidast til å omfatte tilverking av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholholdig drikk som løyve gjeld, for skjenking i eiga verksemd. Løyve gitt for ein bestemt del av året eller for ein enkelt bestemt anledning, jf. § 1-6 annet ledd, kan ikkje utvidast til å omfatte løyve til innførsel for skjenking i eiga verksemd. Regelverket for innførselsordninga og tilverkingsordninga er, så langt som mogleg like.

Innførsel for skjenking i eiga verksemd

Utvida skjenkeløyve til innførsel kan berre omfatte den alkoholhaldige drikken som skjenkeløyve omfattar. Løyve til innførsel kan ikkje giast til skjenkeløyve for ein bestemt del av året, ein enkelt bestemt anledning, jf. § 1-6, eller til ambulerande skjenkeløyve, jf. § 4-5.

Det er ikkje tilsvarende krav om heilskapleg tilbod og karakter for å kunne få utvida løyve til å omfatte innførsel, slik det er for ordninga for tilverking i eiga verksemd. Dette inneberer likevel ikkje at innehavarar av sals- eller skjenkeløyve automatisk vil få rett til å få utvida sitt løyve til også å omfatte innførsel til eiga verksemd. Kommunen vil i si vurdering vektlegge konsept og staden sin karakter.

Tilverking for skjenking i eiga verksemd

Det kan berre gjevast slik utvida skjenkeløyve dersom visse vilkår er oppfylt, jf. alkohollova § 1-7e.

Tilverkingsordninga omfattar berre kommunale skjenkeløyve og er avgrensa til alminneleg løyve, løyve for ein bestemt del av året eller for ein enkelt bestemt anledning, jf. § 1-6.

Tilverkingsløyve knytt til skjenkeløyve gitt for eit enkelt høve kan vere aktuell for enkelte verksemdar. Dette kan for eksempel gjelde gardar som har turisme og selskapsarrangement som bigeskjeft, og som berre treng skjenkeløyve ved det enkelte arrangement, til dømes bryllaup, og som ved slike anledningar serverer eige brygg.

Ei skjenkeløyve kan berre utvidast til å omfatte tilverking av dei same alkoholhaldige drikkane som kan skjenkast, unntatt brennevin (altså opp til 22 volumprosent alkohol). Tilverkinga kan altså ikkje omfatte produkt som består av eller er tilsett brennevin.

Vilkår om heilskapleg karakter og serveringstilbod

Ei utviding av løyve etter § 4-2 tredje ledd kan berre giast dersom tilverking inngår som en del av skjenkestaden sitt heilskaplege tilbod og karakter og dersom tilverkinga skal skje ved skjenkestaden, jf. § 1-7e.

Føresegna må sjåast i lys av at bakgrunnen for ordninga primært er eit ønske om å fremje potensialet som ligg i kombinasjonen lokale tradisjonar og næringsutvikling generelt, og forholdet lokal mat, drikk og turisme spesielt.

I kva grad kravet om at tilverkinga og skjenkinga må utgjere ein del av staden sin "heilskaplege karakter og serveringstilbod" er oppfylt, må vurderast konkret i den enkelte sak. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg i seg sjølv at produksjon og skjenking av den alkoholhaldige drikk kan skje på same stad. Ordninga er ikkje meint å omfatte barar/restaurantar der løyvehavar ønskjer å starte tilverking av alkoholhaldig drikk for å tilby sine gjester eige "brygg", utan at dette inngår i eit breiare og meir samansett serveringstilbod.

Kommunen stiller krav om at søkjar legg ved søknaden ein konseptomtale der vilkåret om heilskapleg karakter og serveringstilbod går tydeleg fram.

Ved vurderinga av om vilkåra er oppfylt, kan kommunen for eksempel legge vekt på

- omsynet til lokale tradisjonar. Dette vil bl.a. kunne fremje lokal kultur og turisme. Det er i utgangspunktet ikkje krav om at råvarene til tilverkinga av drikk er eigenprodusert, men dette vil også vere eit moment ved vurderinga av heilskapen i tilbodet.
- om det er en historisk og kulturell samanheng mellom tilverking, og serveringsstaden sine andre tilbod, og om staden serverer både mat og drikke.
- om tilbodet omfattar meir enn servering, for eksempel kulturelle aktivitetar og om gjestene får moglegheit til deltaking eller sjå innhausting og produksjon mv.

Lokal tilverking av alkoholhaldig drikk vil, saman med mat, produksjon og servering, serveringsstaden sin karakter, omgivnaden elles og moglegheit til å vere til stade/ sjå produksjonen, kunne vere eit sentralt element i ei totaloppleving.

Tilverkinga skal skje ved skjenkestaden og utvidinga skal knytast til det same lokalet som skjenkeløyve. Tilverking kan derfor berre skje i tilverkingslokale som ligg i same lokale som, eller i naturleg samband med, skjenkestaden. Det er ikkje tilstrekkeleg at skjenkestad og tilverkingsstad ligg i same tettstad, grend eller bygd. Det er ikkje åtgang til at fleire skjenkestader går saman om felles tilverkingsstad.

SKJENKETIDER

SKJENKETIDER	
Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter skjenketida er slutt, jf. alkohollova § 4 - 4.	
Brennevin	Innandørs: Alle dagar til kl. 01.00
Vin og øl (opp til volumprosent 22) inne	Innandørs: Alle dagar til kl. 02.00
Vin, øl og brennevin ute/uteservering.	Utandørs: alle dagar til kl. 24 .00
Utvida skjenketid	Det vert ikkje gjeve løyve til utvida skjenketid ute Utover dette skal det utøvast ei restriktiv haldning til søknader om utvida skjenketider. Tildeling kan berre skje ved spesielle arrangement, dvs. arrangement som ikkje er ei årleg hending eller oftare for den det gjeld, som t.d. jubileum.

Gebyr

Gebyr for kunnskapsprøve

Gebyr for kunnskapsprøve følgjer av alkoholforskrifta kapittel 5. gebyret skal betalast i samband med at det vert avtalt tid for gjennomføring av prøva.

Omsetnadsgebyr

Kommunen skal i følgje alkoholforskrifta fastsetje fristar for løyvehavar for innsending av oppgåve over omsett mengde alkoholhaldig drikk og innbetaling av gebyr. Ved søknad om løyve, skal det gå fram forventa omsetnad. Dersom det føreligg eit avvik mellom forventa omsetning og faktisk omsetning, kan kommunen foreta ei etterberekning og eit etteroppgjer. Dei årlege gebyra som vert kravd inn skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals -og skjenkestadane, gjennomføring av kunnskapsprøven og førebyggjande tiltak.

Innlevering av omsetnadsoppgåve og omsetnadsgebyr

Innehavar av eit kommunalt salsløyve og skjenkeløyve pliktar å sende inn omsetnadsoppgåve og betale eit omsetnadsgebyr til kommunen, jf. alkoholforskrifta §§ 6-1 og 6-3.

Fristar omsetnadsoppgåve og omsetnadsgebyr:

Fristen for levering av omsetnadsoppgåve er innan 15. mars kvart år. Manglande levering av omsetnadsoppgåva eller manglande betaling av løyvegebyret vil føre til prikktildeling. Ved første gangs overskriding vert det tildelt to prikkar. Ved seinare overskridingar og der kommunen må sende puring, vert misferda vurdert etter forskrifta § 10-4, svært skjerpande omstende, der kommunen kan tildele fleire prikkar for eit regelbrot enn det som følger av § 10-3. Frist for innbetaling av gebyr er 15. oktober kvart år. Gjeldande gebyrsatsar for sal og skjenking er fastsett i alkoholforskrifta § 6-2.

Gebyr ved enkelthøve

Ved søknad om skjenkeløyve for enkelthøve skal det betalast eit gebyr for sakshandsaming. Satsar for enkelthøve er i utgangspunktet tilsvarande den til ei kvar tid gjeldande minstesatsen. Kommunen kan likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare. Sogndal kommune har utarbeida ein tabell for gebyrsatsar ut frå talet deltakarar, og grunngjev satsane som særlege tilfelle ved at gebyrsatsane står i høve til deltakarar og forventa inntekt på arrangementet, samt at det er meir omfattande sakshandsaming for større arrangement.

Tal gjester for kvart enkelt arrangement/ enkelt anledning skjenking	Gebyrsats
Inntil 100 personar	Kr 440,-
100 – 500 personar	Kr 650,-
Over 500 personar	Kr 1700,-
Enkelthøve sal	Kr 650,-
Om arrangementet sal/ skjenking vert avlyst	Kr 440,-

Om det ved kontroll syner seg å vere fleire gjestar enn oppgjeven i søknad, vert det sendt justert krav etter tabell.

Kontroll av skjenke – og salsstader

Kommunen har ansvar for kontroll med utøving av kommunale sal- og skjenkeløyve, og ansvar for kvaliteten på kontrollane, og at kontrollørane får god nok opplæring. Kontrollen skal omfatte alle føresegnene i alkohollova, tilhøyrande forskrifter og eventuelle vilkår i løyvevedtaket.

Kontroll av sals -og skjenkestader vert i Sogndal kommune vert p.t. gjennomført av innleigde kontrollørar. Dokumentkontroll og kontroll med reklameforbodet i ulike media må kommunen gjennomføre sjølv. Kontroll skal gjennomførast av to kontrollørar, og desse må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og føresegner gitt i medhald av den. Dette kravet er oppfylt ved gjennomført og greidd kunnskapsprøve som omtala i alkoholforskrifta. Ved alle kontrollar skal kontrollørane fylle ut kontrollrapport.

Regelbrot og sanksjonar i samband med kontroll vert vurdert og utført i samsvar med alkohollova og alkoholforskrifta kapittel 10.

Oversikt over arrangement/ opningstider for gjennomføring av kontroll

Alle sals- og skjenkestader skal ha oversikt over opningstider ved inngangen til staden. For sals- og skjenkestader utan faste opningstider, skal løyvehavar sende inn til kommunen ei oversikt over planlagde opningstider/ arrangement slik at kommunen kan ivareta plikta til kontroll. Kommunen pliktar å kontrollere alle sals- og skjenkestader minimum ein gang per år.

Internkontroll og kurs/ opplæring

Alle sals- og skjenkestader må ha system og rutinar for å sikre at alkoholregelverket vert overhalde. God internkontroll gir enklare drift, tryggare tilsette og gjester/ kundar. Sogndal kommune tilrår at alle sals- og skjenkestader nyttar Helsedirektoratet sin [guide til god internkontroll](#). Sogndal kommune set som vilkår for skjenkeløyve at alle som jobbar ved skjenkestaden skal ha gjennomgått opplæring i verksemda sine rutinar samt gjennomført eigna kurs som gir kunnskap om alkohollova sitt regelverk og situasjonshandtering i utelivsbransjen. Kurs kan gjennomførast som e-læring ([ansvarleg vertskap](#)) eller gjennom kurs arrangert av Sogndal kommune. Kurs for alle som jobbar i skjenkestadene vil bidra til eit tryggare og hyggeleg uteliv.

Inndraging av sals- og skjenkeløyve - prikktildelingssystemet

Kommunen er forplikta til å tildele prikkar ved regelbrot. Det er alkohollova og forskrifta sine reglar om prikktildeling og inndraging av løyve som skal leggjast til grunn ved brot på alkohollova. Nærare om føresegner om prikktildeling og inndraging av løyve er å finne i alkoholforskrifta §§ 10-2 til 10-6. Dersom ein løyvehavar ikkje overheld dei vilkåra som er gitt i løyve eller bryt alkohollova og forskrifta, kan kommunen inndra løyve for ein kortare eller lengre periode. Dersom ein løyvehavar får tildelt 12 eller fleire prikkar i løpet av ein to års periode, skal kommunen inndra løyve for ein gitt periode i samsvar i alkoholforskrifta § 10-2.

Kommunestyret kan til ei kvar tid gjere endringar av kommunale retningslinjer. Samstundes bør kommunen ha ein føreseieleg alkoholpolitikk.

Vedlegg:

Omsetnadstal alkohol

Samla omsetnadstal alkohol i liter

Balestand 2014: 69646

Balestand 2019: 63138

Leikanger 2014: 72000 (omtrentleg tal pga lese ut frå graf med 20 000 liter mellom punkta i tidlegare plan)

Leikanger 2019: 83975

Sogndal 2014: 496 244 (utanom vinmonopolet)

Sogndal 2019: 486 867 (utanom vinmonopolet)

Vinmonopolet 2014: 211 125

Vinmonopolet 2019: 496 244

Merk: omsetnad for 2023 manglar tal frå verksemdar som ikkje har levert omsetnadsoppgåve og verksemdar som er konkurs.

Sal butikkar : Samla omsetjingstal frå butikkane 2019 og 2023, i liter. Sogndal.

År	Øl
2019	385817
2022	482260

Sal butikkar : Samla omsetnadstal frå butikkane 2019 og 2023, i liter. Leikanger.

År	Øl
2019	76299
2023	93707

Sal butikkar : Samla omsetjingstal frå butikkane 2019 og 2023, i liter. Balestrand.

År	Øl
2019	43442
2023	37362

Skjenking : Samla omsetningstal frå verksemdene i Sogndal 2019 og 2023, i liter. Sogndal.

År	Øl	Vin	Brennevin
2019	93697	6148	1 205
2023	78305	20988	2513

Skjenking : Samla omsetningstal frå verksemdene i kommunen 2019 og 2023, i liter. Leikanger.

År	Øl	Vin	Brennevin
----	----	-----	-----------

2019	6403	1108	165
2023	5307	1753	381

Skjenking : Samla omsetningstal frå verksemdene i kommunen 2019 og 2023, i liter. Balestrand.

År	Øl	Vin	Brennevin
2019	11378	7898	420
2023	12472	8267	267

Vinmonopolet : Omsetjingsoppgåve frå Vinmonopolet AS 2019, i liter.

År	Svakvin	Sterkvin	Brennevin	Alkoholritt	Øl	Sum
2019	156 995	866	37 343	1 359	7 740	204 303
2023	165 896	974	38 768	2 393	8 390	

Samla omsetnad skjenking for Sogndal, Leikanger og Balestrand 2019 og Sogndal kommune 2023, i liter.

År	Øl	Vin	Brennevin
2019	111478	15154	1790
2023	96084	31008	3161

Samla omsetnad for kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand 2019 og Sogndal kommune 2023, i liter.

År	Sal	Skjenking
2019	709 861	128 422
2023	613 329	130 253